

Skriftlege spørsmål om tilskot til bygging av landstraumanlegg i fiskerihamner

I tråd med nullutsleppsmålet 2030 vedteken i Utviklingsplanen for Vestland, må også fiskerinæringa bli utsleppsfri. Det første steget er å sørge for lading av båtane når dei ligg til land.

Dei Grøne har sett at fylkesutvalet i Agder vedtok 6.10.20 å inkludere «Kostnader knyttet til bygging av landstrømanlegg på enten 220 eller 400 volt» i sak 138/20 Fiskerihavner i Agder - Utlysning av tilskuddsmidler:

<https://sru.agderfk.no//api/utvalg/200040/moter/200148/dokumenter/o>

Dette var gjort i samband med fylkesutvalet sitt vedtak om retningslinjer for tilskot til kommunale fiskerihamntiltak i Agder og utlysning av 3 millionar i tilskotsmidlar som hovudutval for næring, klima og miljø skal tildele.

Spørsmål:

Vestland fylkeskommune har eit forvaltningsansvar for fiskerihamnene i dette fylket.

Kan Vestland fylkeskommune innføre ei tilskotsordning som gir tilskot til etablering av landstraumanlegg i fiskerihamnene i fylket?

Som forvaltar av 99 fiskerihamner, kan dette gjerast med minst mogleg administrative kostnader?

Kva ville vere eit høveleg beløp å tildele årleg og kva for ein post/løpvingsnivå burde politikarane styrkje i budsjettet for å opprette ei slik tilskotsordning til etablering av landstraum i fiskerihamnene?

Mark Taylor